

## **Emnerapport haust 2020**

**Emnekode og namn: NOSP316 – Språkbruksanalyse**

### **Faglærar si vurdering av gjennomføring**

**Praktisk gjennomføring:** Emnet er delt i to hovuddelar, der den eine var ca. dobbelt så stor som den andre. Kvar del vart dekt av ein faglærar.

Semesteret vart pga. Covid-19 ikkje gjennomført heilt som planlagt. Ein del av undervisinga måtte på kort varsel leggjast om til Zoom-seminar, og fysisk undervisning vart strøyma og teken opp. Eksamens vart gjennomført som planlagt (7-dagars heimeeksamen).

**Tilgang til relevant litteratur:** Ingen rapporterte problem.

### **Karakterstatistikk og gjennomføringsprosent**

Gjennomføringsprosent: 100. 2 A, 3 B, 12 C, 1 D.

### **Faglærar si vurdering av rammevilkåra**

Grunna problem med strøymentutstyret vart det ein del rombyte på kort varsel.

### **Faglærar sin kommentar til studentevalueringane**

Evalueringa vart gjennomført som sluttevaluering i form av eit elektronisk spørjeskjema distribuert til studentane via e-post. Det var i alt 7 respondentar av dei totalt 18 som fekk tilsendt spørjeskjemaet, noko som utgjer ein svarprosent på 39 %.

Studentane vart for åtte av spørsmåla bedne om å kryssa av for eitt av fem alternativ. Resultata av desse ligg som vedlegg til dokumentet.

I fire av spørsmåla vart dei bedne om å leggja inn fritekstkommentarar på spørsmåla.

Fritekstsspørsmåla og responsane på dei er oppsummerte nedanfor.

**Spørsmål: Er det noko ved emnet du er spesielt godt nøgd med?**

Fem respondentar trekte fram førelesarane/førelesingane, to trekte fram organiseringa av emnet, som er tilpassa lektorstudiet på det dei meiner er ein god måte.

**Spørsmål: Har du innspel om korleis emnet kan bli betre?**

Fem av respondentane svarte «nei» på dette spørsmålet. Ein respondent etterlyste klårgjering av det overordna temaet for emnet og samanhengen mellom dei to delane.

**Spørsmål:** *Dette semesteret har vi veksle mellom fleire undervisningsformer og -medium: fysisk undervisning, livestrøyming av fysisk undervisning, opptak av fysisk undervisning og Zoom-seminar.*

**1. Kva for nokre av desse alternativa har du nytta?**

Her var tala slik: Fysisk undervisning: 7, Zoom-seminar: 7, live-strøyming 2, opptak av fysisk undervisning 2, opptak av Zoom-seminar 4.

**2. Kva for eit av dei føretrekker du, og kvifor føretrekker du dette alternativet?**

Her svarte alle 7 ‘fysisk undervisning’, men to av dei nemnde i tillegg at opptak/strøyming er eit bra tiltak fordi det gjer det mogeleg å følgja undervisninga for dei som ikkje kan møta på fysisk undervisning.

**3. Har du innspel om korleis dei ulike alternativa kan bli betre?**

Her svarte fire ≈ «nei», medan ein ønskte at opptaka skulle vera tilgjengelege ut semesteret, og ein tok til orde for kortare og hyppigare pausar og meir studentaktivitet i breakout-rom på Zoom-seminar.

**Spørsmål:** *Har du andre kommentarar til emnet? Til dømes knytt til studentoppfølging i samband med koronasituasjonen?*


Tre av respondentane svarte ≈ «nei» på dette. Ein skreiv at førelesarane hadde handtert situasjonen på best mogeleg måte, ein annan at informasjonen hadde vore klårt og tydeleg ved endringar i situasjonen. Ein kom med generell ros til innhaldet i og organiseringa av emnet og meinte at det trygt kunne anbefalast til lektorstudentar.

**Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:**


Svarprosenten på undersøkinga var relativt låg, og ein bør prøva å få fleire studentar til å respondera ved seinare høve, t.d. ved å informera grundig om undersøkinga i undervisinga eller å senda studentane fleire påminningar. Stort sett ser det ut som om dei av studentane som responderte på undersøkinga, er svært godt nøgde med dei ulike aspekta ved emnet. Dersom det vert aktuelt med digital og/eller hybrid undervising pga. smittesituasjonen neste semester, må ein leggja opp denne undervisinga med basis i erfaringar og student-tilbakemeldingar frå H20.

## Vedlegg: Resultat av avkryssingssvar


Kor mange av førelesingane i emnet har du vore på?




Ca. kor mange timer har du gjennomsnittleg brukt på emnet per veke?




Generelt sett, kor nøgd er du med emnet?




Framstår emnet som eit heilsakeleg kurs? (samsvar mellom ulike delar, god nok tid på kvart tema, pensum)




Kor nøgd er du med pensum?




#### Var pensumsummenga tilpassa kurset sitt omfang?



#### Kor nøgd er du med undervisinga i emnet?



I kva grad er du nøgd med informasjonen du har fått om praktiske sider ved emnet, som påmelding til studentpresentasjon, vekslingar mellom fysisk og digital undervising, eksamensordningar osv.?



## Samlet status

